

# Sluttevaluering Gre101

## våren 2012

Dei fleste studentane som fyllte ut evalueringsskjema var positive til kurset som heilskap. Likevel var det nokre innspel i evalueringane som faget bør bruka til utgangspunkt for betringar av studieopplegget. Fleire etterlyste eit meir gjennomstrukturert studieopplegg. Til no har det vore mykje opp til læraren på kurset kor langt ein les i lærebøkene, og kva emne som vert gjennomgådde. I studiet av eit formrikt språk med ein komplisert syntaks som klassisk gresk seier det seg sjølv at eit halvt semester set grenser for kor mykje studentane kan koma gjennom, og kor grundig det einskilde emne kan presenterast i undervisninga. Det er mogleg å gje meir detaljerte planar for kva emne i grammatikken og kva for lesestykke i læreboka som skal vera gjennomgådde i kurset.

Dette er òg viktig i samband med føresetnadene til studentane. Desse er svært ulike. Dei fleste har få kunnskapar i formalgrammatikk, medan andre har med seg gode formelle kunnskapar i korleis språk er skrudd saman frå stadium i latin eller andre språkfag. Det kan vera naudsynt å bøta på manglande studieføresetnader med ekstra kurs i norsk formalgrammatikk. Dette kunne gjennomførast i samarbeid med andre språkfag, ikkje berre latin.

Det andre synspunktet studentane hadde på hjarta, er lengda på kurset. Eit halvt semester er i knappaste laget, jamvel om emnet ikkje vert studert parallelt med andre emne, slik praksis er ved dei fleste andre fag. Gresk (og latin) er mogningsfag som bør studerast over tid dersom ein skal få tileigna seg vokabular og få inn syntaktiske strukturar på god måte.

Dette vil krevja endringar i studiestrukturen som kjem til å verka inn på heile studieløpet. Etter mi mening bør det vurderast å endra opplegget for det første semestret i språkundervisninga.